

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS, som har ansvaret for trolleybussane i Bergen. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil.

Fylkesutvalet vedtok samråystes at Mona Røsvik Strømme ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Strømme tiltredde saksbehandlinga.

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkestinget legger til grunn at tiltakene blir finansiert utan at det går ut over bilistene med bompenger.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samråystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Hjemdal sitt forslag.

Innstillinga punkt 3 vart samråystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusstar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO₂-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
 - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleynettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
 - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
 - Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusstar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.